



## Notat

Dato: 06.06.2017  
Arkivsak: 2017/49134913  
Saksbehandlar: hanespe

### Dialogkonferansen 2017 – invitasjon og mellombeld program

Dialogkonferansen er ein årleg møtestad for kommunar og fylkeskommunen der målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivering og inspirasjon til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Andre regionale samarbeidspartnarar blir inviterte ut frå innhaldet i programmet.

Representantar frå kommunane deltek i planlegginga av konferansen for å få eit best mogeleg program i høve dei utfordringane kommunane står ovanfor innan fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne gongen deltek Bergen kommune ved bymiljøetaten og idrettsseksjonen i programkomitèen. Vi håpar at alle kommunane i Hordaland finn programmet interessant og relevant i høve arbeidet med å skape ein **Aktiv Kvar Dag** for sine innbyggjarar.

Det er ønskjeleg at ein eller fleire representantar frå utvalet deltek på konferansen og helsar deltakarane ved opninga og gjerne bidreg med ei kort oppsummering ved konferanseslutt. Dette vert alltid sett stor pris på frå våre kollegar i kommunane.

**Påmeldingsfristen er 10. august.** Elektronisk påmelding gjennom våre nettsider. Sjå elles informasjon i vedlagt mellombels program.

**Velkommen til aktive dagar i Bergen!**

Vedlegg

1 Invitasjon og mellombels program